

LÆRLINGUNDERSØKINGA (nynorsk)

Innhald

LÆRLINGUNDERSØKINGA (nynorsk).....	1
1. Bakgrunns spørsmål	2
2. Lærlingundersøkinga	2
3. Trivsel	2
4. Jobbkraft og læringsmoglegheiter	4
Læringskrav og innovasjon.....	4
Læringsmoglegheiter	4
5. Innsats, sjølvstende og meistring	5
6. Skolen som førebuing til opplæring i arbeidslivet	5
7. Opplæringskontor	8
8. Viktig for læring	9
9. Organisering av opplæringa	10
Planmessig opplæring	10
Medverknad	10
Rettleiing, tilbakemelding og undervegsvurdering	11
Dokumentasjon	11
Planlagde statusmøte/ vurderingssamtalar	12
Sluttvurdering.....	13
10. Utstyr og hjelpemiddel.....	13
11. HMS	13
12. Vegen vidare – utdanning eller jobb.....	14

1. Bakgrunns spørsmål

	Alder
1.1.1. Alder	

	Jente	Gutt
1.1.2. Kjønn		

2. Lærlingundersøkinga

	Ja	Nei
2.1.1. Eg stadfester at Utdanningsdirektoratet kan anvende informasjon om kjønn og alder når svara skal kartleggast.		

3. Trivsel

Trivsel	Svært sjeldan eller aldri	Nokså sjeldan	Av og til	Nokså ofte	Svært ofte eller alltid
3.1.1. Trivst du med kollegaene dine i lærebedrifta?					
3.1.2. Trivst du med arbeidsoppgåvene dine?					
3.1.3. Føler du deg som ein del av det sosiale miljøet på arbeidsplassen? (Med arbeidsplassen meiner vi der du oppheld deg til dagleg. Dersom du har fleire arbeidsplassar, vel du det som passar best alt i alt.)					

Sosialt samspel/(støttande klima?)	Svært sjeldan eller aldri	Nokså sjeldan	Av og til	Nokså ofte	Svært ofte eller alltid
3.1.4. Blir du godt behandla på arbeidsplassen?					
3.1.5. Får du hjelp og støtte frå kollegaene dine dersom du treng det?					
3.1.6. Får du hjelp og støtte frå instruktør/rettleiar eller leiar dersom du treng det?					

Overordna trivsel	Svært dårleg	Nokså dårleg	Verken godt eller dårleg	Nokså godt	Svært godt
3.1.7. Korleis trivst du i lærebedrifta alt i alt?					

Antall ansatte	1-5	6-20	21-100	Over 100
3.1.8. Kor mange tilsette er det i lærebedrifta di?				

Mistrivselsfaktorar – sosialt arbeidsmiljø	Svært sjeldan eller aldri	Nokså sjeldan	Av og til	Nokså ofte	Svært ofte eller alltid
3.1.9. Har du <u>lagt merke til nokon av desse problema på arbeidsplassen din?</u>					
1: Samarbeidsproblem på arbeidsplassen					
2: Mobbing eller vondsinna erting av nokon som har problem med å forsvare seg					
3: Mobbing eller konflikhtar på grunn av ulik religion, nasjonalitet eller etnisk bakgrunn					
4: Seksuell trakassering					

Mobbing	Ikkje i det heile	Ein sjeldan gong	2-3 gonger i månaden	Omtrent ein gong i veka	Fleire gonger i veka
3.1.10. Er du blitt mobba på arbeidsplassen dei siste månadene? <i>Med mobbing meiner vi gjenteken, negativ eller "vondsinna" atferd frå ein eller fleire retta mot ein lærling som har vanskar for å forsvare seg. Gjenteken erting på ein ubehageleg og sårande måte er også mobbing.</i>					

Mistrivselsfaktorar - opplæring	Svært sjeldan eller aldri	Nokså sjeldan	Av og til	Nokså ofte	Svært ofte eller alltid
3.1.11. Kor ofte opplever du dette i arbeidsdagen din?					
1: Eg gjer mange enkle rutineoppgåver					
2: Eg jobbar mykje for meg sjølv					
3: Eg får vanskelege oppgåver					
4: Eg er sliten etter arbeidsdagen					
5: Eg er redd for å gjere feil					

Problem?	Svært sjeldan eller aldri	Nokså sjeldan	Av og til	Nokså ofte	Svært ofte eller alltid
3.1.12. <i>Oppelever du noko av det som er nemnt over som eit problem?</i>					

[Viss «Av og til» eller oftare på spørsmål 3.1.12.]	Nei	Delvis	Ja
3.1.13. <i>Har du sagt frå til arbeidsgivaren om nokon av desse problema?</i>			

[Viss «Ja» eller «Delvis» på spørsmål 3.1.13]	Nei	Delvis	Ja
3.1.14. <i>Tek arbeidsgivaren tak i desse problema?</i>			

4. Jobbkraft og læringsmoglegheiter

Læringskrav og innovasjon

Jobbkraft: læring og utfordring	Svært sjeldan eller aldri	Nokså sjeldan	Av og til	Nokså ofte	Svært ofte eller alltid
4.1.1. <i>Krev jobben din at du lærer deg nye ting? (Kunnskapar, haldningar og ferdigheiter)</i>					
4.1.2. <i>Er jobben din utfordrande på ein positiv måte?</i>					

Læringsmoglegheiter

Læringsmoglegheiter internt/eksternt	Svært sjeldan eller aldri	Nokså sjeldan	Av og til	Nokså ofte	Svært ofte eller alltid
4.1.3. <i>Sørgjer arbeidsgivaren for at du får arbeidsoppgåver som gjer at du utviklar deg i faget?</i>					
4.1.4. <i>Får du lære faget gjennom å samarbeide med dyktige kollegaer?</i>					
4.1.5. <i>Har du moglegheit til å ta kurs, sertifikat eller anna opplæring for å utvikle deg i faget?</i>					
4.1.6. <i>Har du tilgang til læremiddel som bøker, arbeidsbeskrivingar eller digitale læremiddel på jobben?</i>					

5. Innsats, sjølvstende og meistring

Innsats, initiativ/sjølvstende, uthald og opplevd meistring	Svært sjeldan eller aldri	Nokså sjeldan	Av og til	Nokså ofte	Svært ofte eller alltid
<i>5.1.1. Kor godt beskriv desse utsegnene deg?</i>					
1: Eg har god innsats i jobben					
2: Eg ser kva som trengst å gjerast utan at kollegaer må seie frå til meg					
3: Eg finn fram til informasjon eller hjelp viss det er noko eg ikkje forstår eller får til på eiga hand					
4: Viss eg får ei vanskeleg oppgåve, står eg på til eg har løyst ho					

Effekten av læretida på sjølvfølelse/sjølvtilitt	I svært liten grad	I nokså liten grad	Verken eller	I nokså stor grad	I svært stor grad
<i>5.1.2. Kjenner du at du meistrar arbeidsoppgåvene dine?</i>					
<i>5.1.3. Har erfaringane i læretida ført til at du har fått meir tru på deg sjølv?</i>					

6. Skolen som førebuing til opplæring i arbeidslivet

Utgår 2017

	Starta med full opplæring i bedrift	Etter Vg1	Etter Vg2	Etter Vg3
<i>Når starta du i lære?</i>				

Nytt spm. 2017

6.1.1. Kva for opplæringsløp følger du?

- 2 + 2 (2 år i skole og 2 år i lærebedrift)
- Vekslingsløp (Opplæringa vekslar mellom skole og bedrift)
- 1 + 3 (1 år i skole + 3 år i lærebedrift)
- 0 + 4 (4 år i lærebedrift)
- TAF/YSK (Gir fag- eller sveinebrev og studiekompetanse etter 4 år)
- 3 år i skole (Planlagt løp utan læretid i bedrift)
- Vg3 i skole for elever som ikkje har fått læreplass
- Påbygging til generell studiekompetanse
- Anna
- Veit ikkje

Spørsmål og svaralternativ er justert i 2017 (inga substansiell endring)

<p>6.1.2. <i>Kva for utdanningsprogram går du på? (Viss fleire, vel det som er mest relevant for lærefaget ditt)</i></p>	<ul style="list-style-type: none"> • Idrettsfag • Kunst, design og arkitektur • Medier og kommunikasjon • Musikk, dans og drama • Bygg og anleggsteknikk • Design og håndverk /medieproduksjon • Elektrofag • Helse- og oppvekstfag • Naturbruk • Restaurant- og matfag • Service og samferdsel • Teknikk og industriell produksjon • Anna
--	---

Motivasjon – skole og arbeidsplass	Svært lite motivert	Nokså lite motivert	Verken eller	Nokså godt motivert	Svært godt motivert
6.1.3. <i>Er du motivert for å lære i lærebedrifta?</i>					

Svaralternativ 6.1.9. er justert i 2017: «Yrkesfagleg fordjupning» er tatt inn som erstatning for det som tidlegare var «Prosjekt til fordjupning»

[Spørsmålet går til dei som <i>ikkje</i> har svart eit av følgende svaralternativ på spørsmål 6.1.2: «0 + 4 / Anna / Veit ikkje»]	Heilt ueinig	Nokså ueinig	Verken ueinig eller einig	Nokså einig	Heilt einig
Opplæring i skole som utgangspunkt for opplæring i lærebedrifta					
6.1.4. Undervisninga i fellesfaga (norsk, engelsk, matematikk, osv.) var tilpassa faget mitt					
6.1.5. Undervisninga i yrkesfaga gav eit godt grunnlag for det eg skulle lære i lærebedrifta					
6.1.6. Utstyret vi brukte på skolen var oppdatert og i god stand					
6.1.7. Lærarane mine hadde god innsikt i det eg skulle møte i læretida					
6.1.8. Praksisen på skolen var relevant for opplæringa i arbeidslivet					
6.1.9. Yrkesfagleg fordjuping/praksis gjorde at eg fekk læreplass					

[Spørsmål 6.1.10. går til dei som <i>ikkje</i> har svart eit av følgende svaralternativ på spørsmål 6.1.2: «0 + 4 / Anna / Veit ikkje»]	Svært misfornøgd	Nokså misfornøgd	Verken fornøgd eller misfornøgd	Nokså fornøgd	Svært godt fornøgd
Skolen som førebuing til opplæring i arbeidslivet – totalt					
6.1.10. Kor fornøgd er du med opplæringa i skolen som førebuing til opplæringa i arbeidslivet?					
6.1.11. Kor fornøgd er du med opplæringa du har fått på arbeidsplassen så langt?					

7. Opplæringskontor

Kontrakt - Opplæringskontor	Ja	Nei	Veit ikkje
7.1.1. Har du lærekontrakt med eit opplæringskontor?			

[Viss «Ja» på spørsmål 7.1.1.] Kontakt - Opplæringskontor	Ja	Nei	Veit ikkje
7.1.2. Har du hatt kontakt med opplæringskontoret?			

[Viss «Ja» på spørsmål 7.1.2.] Tilfreds - Opplæringskontor	Svært misfornøgd	Nokså misfornøgd	Verken fornøgd eller misfornøgd	Nokså fornøgd	Svært fornøgd

7.1.3. Er du fornøgd med oppfølginga frå opplæringskontoret?					
--	--	--	--	--	--

[Viss «Ja» på spørsmål 7.1.1.] Fritekstkommentar - Opplæringskontor	
Her vil vi gjerne at du utdjuapar kvifor du er fornøgd/misfornøgd med oppfølginga frå opplæringskontoret. 7.1.4.	_____ (fritekstfelt)

8. Viktig for læring

Viktig for læring	Ikkje så viktig	Nokså viktig	Svært viktig
8.1.1. Kva er <u>viktig for deg</u> når du skal lære/utvikle deg i faget?			
1: At eg <u>trivst</u> på arbeidsplassen			
2: At eg har <u>oversikt</u> over korleis eg ligg an i høve til det eg skal lære i læretida			
3: At eg kan <u>påverke</u> korleis opplæringa skal leggjast opp			
4: At eg får <u>praktisk trening</u> i faget mitt			
5: At eg får arbeide med <u>dyktige fagfolk</u>			
6: At eg får <u>retteiing</u> og støtte frå <u>instruktør/retteiar</u>			
7: At eg får <u>retteiing</u> og støtte frå <u>kollegaer</u>			
8: At eg får delta på <u>kurs</u> eller tilgang til bøker, oppslagsverk, instruksjonsvideoar, osv.			
9: At eg <u>dokumenterer</u> det eg lærer			
10: At eg får tilbakemelding på korleis eg kan <u>bli betre</u> i faget mitt			

Utgår 2017

Kva er viktigast?	Viktigast	Nest Viktigast	Tredje viktigast
Kva er <u>viktigast</u> for at du skal lære/utvikle deg i faget? Vel dei 3 viktigaste punkta frå lista	... Vel frå lista...	...Vel frå lista...	...Vel frå lista...

9. Organisering av opplæringa

Planmessig opplæring

Oppleveling av oversikt/innsikt	I svært liten grad	I nokså liten grad	Verken eller	I nokså stor grad	I svært stor grad
9.1.1. Har du oversikt over kva du skal lære i læretida? (§ 3-1)					

Får opplæringa han/ho skal ha	I svært liten grad	I nokså liten grad	Verken eller	I nokså stor grad	I svært stor grad	Veit ikkje
9.1.2. Får du opplæring i alt du skal kunne i faget ditt? (alle kompetansemåla i læreplanen) (§ 3-1)						

Internt opplæringsplan	Nei	Delvis	Ja	Usikker/ Veit ikkje
9.1.3. Er det laga ein plan for opplæringa di i lærebedrifta? (§ 3-1)				

[Viss «Ja eller «Delvis» på spørsmål 9.1.3.] Blir planen brukt?	Svært sjeldan eller aldri	Nokså sjeldan	Av og til	Nokså ofte	Svært ofte eller alltid
9.1.4. Kor ofte blir denne planen brukt når de skal bestemme oppgåvene dine, og det du skal lære? (§ 3-1)					

Medverknad

Medverknad	Svært sjeldan eller aldri	Nokså sjeldan	Av og til	Nokså ofte	Svært ofte eller alltid
9.1.5. Deltek du aktivt i planlegging og vurdering av arbeidet ditt? (§ 3-12)					
9.1.6. Tek arbeidsgivaren omsyn til dine synspunkt når de planlegg opplæringa?(§ 3-12)					

Rettleiing, tilbakemelding og undervegsvurdering

Tydeleg referanseperson	Nei	Usikker	Ja
9.1.7. Veit du kven som har ansvaret for opplæringa di i lærebedrifta?			

Tilgjengeleg referanseperson	Svært sjeldan eller aldri	Nokså sjeldan	Av og til	Nokså ofte	Svært ofte eller alltid
9.1.8. Er instruktør/rettleiar eller liknande tilgjengeleg dersom du skulle trenge det?					

Løpande rettleiing, tilbakemelding og undervegsvurdering	Svært sjeldan eller aldri	Nokså sjeldan	Av og til	Nokså ofte	Svært ofte eller alltid
9.1.9. Får du tilbakemelding frå instruktøren/rettleiaren eller leiaren din? (§ 3-11)					
9.1.10. Får du tilbakemelding frå kollegaer? (§ 3-11)					
9.1.11. Gjer tilbakemeldingane at du forstår korleis du kan bli betre i faget? (§ 3-11)					
9.1.12. Klarer du sjølv å avgjere om du har løyst ei arbeidsoppgåve på ein fagleg god måte?					

Dokumentasjon

Dokumentasjon					
9.1.13. Dokumenterer du arbeidet ditt i opplæringsbok, logg, nettside eller liknande? (§ 3-12?)					

[Viss «Nokså sjeldan» eller oftare på spørsmål 9.1.13.]	Svært sjeldan eller aldri	Nokså sjeldan	Av og til	Nokså ofte	Svært ofte eller alltid
9.1.14. Skriv du inn vurderingar av oppgåver du har gjennomført (eigenvurdering) i opplæringsboka/loggen/nettsida?					
9.1.15. Får du skriftlege kommentarar frå instruktøren/rettleiaren eller andre på det du har skrivt i opplæringsboka/loggen/nettsida?					

[Viss «Svært sjeldan» eller «Aldri» på spørsmål 9.1.13.] Dokumentasjonssystem tilgjengeleg?	Nei	Både og	Ja
9.1.16. Finst det eit system for dokumentasjon av opplæringa di i lærebedrifta?			

Utbytte av dokumentasjonssystemet	I svært liten grad	I nokså liten grad	Både og	I nokså stor grad	I svært stor grad
9.1.17. Bidreg opplæringsboka/loggen/nettsida til at du får meir utbytte av opplæringa?					

Planlagde statusmøte/ vurderingssamtalar

Jamlege statusmøte (vurderingssamtalar/opplæringssamtalar)	Aldri	Ca. ein gong per år	Ca. ein gong per halvår	Ca. ein gong per mnd	Oftare enn ein gong per mnd
9.1.18. Kor ofte har du <u>planlagde samtalar</u> med instruktør/rettleiar, fagleg leiar eller andre der de går igjennom opplæringsplanen og status for opplæringa					

[Viss svarer «Ca. ein gong per år» eller oftare på 9.1.18.]	Passar svært dårleg	Passar nokså dårleg	Passar verken godt eller dårleg	Passar nokså godt	Passar svært godt
9.1.19. Kor godt passar desse utsegnene for desse planlagde samtalanene?					
1: Vi snakkar om korleis eg trivst					
2: Vi planlegg kva for oppgåver og kompetanssmål eg skal arbeide med					
3: Vi snakkar om min faglege prestasjon og kva eg skal gjere for å bli betre i faget					

Sluttvurdering

Kor lang tid til fagprøva?	Mindre enn 3 mnd.	3-6 mnd.	6-12 mnd.	Meir enn 12 mnd.
9.1.20. Kor lang tid er det til du reknar med å gjennomføre fag-/sveineprøva?				

Fag-/sveineprøve (§ 3-1)	I svært liten grad	I nokså liten grad	Verken eller	I nokså stor grad	I svært stor grad
9.1.21. Veit du kva du skal kunne til fag-/sveineprøva?					
9.1.22. Veit du korleis fag-/sveineprøva skal gjennomførast?					
9.1.23. Veit du kva som er kravet for å få karakterane «bestått» eller «mykje godt bestått» til fag-/sveineprøva?					

10. Utstyr og hjelpemiddel

Utstyr/hjelpemiddel	I svært liten grad	I nokså liten grad	Verken eller	I nokså stor grad	I svært stor grad
10.1.1. Har du utstyr og hjelpemiddel slik at du kan vere effektiv i jobben?					
10.1.2. Har du tilgang på same utstyr/hjelpemiddel som andre tilsette i verksemda?					
10.1.3. Får du opplæring i korleis utstyr og hjelpemiddel skal brukast?					

11. HMS

HMS	I svært liten grad	I nokså liten grad	Verken eller	I nokså stor grad	I svært stor grad
11.1.1. Kjenner du reglane for sikkerheit på arbeidsplassen?					
11.1.2. Kjenner du til rutinar for rapportering av feil?					
11.1.3. Veit du kva du skal gjere ved ei eventuell arbeidsulykke/ein krisesituasjon?					

12. Vegene vidare – utdanning eller jobb

Fullføre læretida og planar om utdanning	Ja	Nei	Veit ikkje
12.1.1. Kjem du til å fullføre læretida?			
12.1.2. Har du planar om å ta meir utdanning i tillegg til fagutdanninga? (Kan vere både på kort og lang sikt)			

Er du einig i desse utsegnene?	Heilt ueinig	Nokså ueinig	Verken ueinig eller einig	Nokså einig	Heilt einig
12.1.3. Eg har fått informasjon om kva for moglegheiter eg har med eit fag-/sveinebrev innafor mitt fagområde					
12.1.4. Eg trur det vil vere lett å få jobb med dette fag-/sveinebrevet					
12.1.5. Det er gode framtidsutsikter i den bransjen eg er i no					

[Viss «Ja» på 12.1.1]	
Fullføre læretida og planar for jobb	
12.1.6. Kva vil du <u>helst</u> gjere <u>rett etter</u> læretida?	Kryss av
1: Jobbe som fagarbeidar	
2: Ta påbygging til studiekompetanse	
3: Ta fagskole/meisterbrev rett etter læretida	
4: Ta høgare utdanning rett etter læretida	
5: Anna (for eksempel militæret, reise, folkehøgskole, osv.)	
6: Eg er usikker/ har ikkje bestemt meg	

[Viss svart alternativ 1 på spørsmål 12.1.6 («Jobbe som fagarbeidar»)]	Ja	Nei	Usikker
12.1.7. Kan du tenkje deg å arbeide vidare på arbeidsplassen etter at du har teke fag-/sveinebrevet om det blir mogleg for deg?			

[Viss «Ja» på spørsmål 12.1.2. («Har du planar om å ta meir utdanning i tillegg til fagutdanninga?») 12.1.8. Kva er den lengste utdanninga du har som mål å gjennomføre?	Kryss av
1: Fagbrev/sveinebrev	
2: Fagbrev/sveinebrev og studiekompetanse	
3: Fagskole/meisterbrev	
4: Studium på høgskole eller universitet	
5: Ikkje sikker/ anna	